


Svanetelling 2020



Den europeiske svaneteljinga vart gjennomført helga 11–12 januar. Teljinga gjerast kvart 5. år , og det er sangsvane og dvergsvane som skal teljast.

I Sogn og Fjordane overvintrer ein heil del sangsvane frå forekomsten som hekker nordover i Skandinavia og i Russland. Dvergsvane er berre observert eit par ganger her i området.


Fra 70 tallet til midt på 90 tallet auka talet på overvintrande sangsvaner på vestlandet mykje. Sidan den gongen, dei siste 25 åra har talet ikkje endra seg så mykje.

Sangsvanene beiter stort sett på botnplanter i grunne ferskvannsområde, i år med høg vannstand kan dei gjerne trekke meir opp på innmark og eng også her hos oss, noke som er vanleg i overvintringsområde lengre sør.

Sangsvane	2015	2020
Ungfugl (2k)	65	71
Vaksne (ad)	254	277
Total individ	309	348

TAL UNGFUGL KAN VÆRE LITT USIKRE/LÅGE, DÅ NOKRE TELJARAR BERRE OPPGAV TOTAL INDIVID.

Nokre av dei viktigaste vassdraga for overvintrande sangsvane i Sogn og Fjordane er Hafsløvatnet i Luster, Kyllaren/Leira i Askvoll, Flekke/Guddalsvassdraget i Fjaler og vassdraga i Hyllestad. I perioder med mykje frost og is på vatna kan dei samlast også på andre stader, som i Bergavatnet i Førde og Bergheimsvatnet i Gloppen. Dei vil då også trekke meir ut mot kysten, td heilt ut på dei ytterste øyane i Solund.



KOMMUNEVIS FORDELING AV SANGSVANE 2015-2020